

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 15.11.2018

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland støttar departementet sine forslag til endring av fagskulelova om å; lovfeste ordning med studentombod, å synleggjere utdanningsinstitusjonane si plikt til å førebygge og forhindre trakassering, samt å harmonisera § 15 i fagskulelova med likestillings- og diskrimineringslova § 21. Styret støttar derimot ikkje at kostnadene knytt til ordninga med studentombod skal takast innanfor fagskulane sine egne rammer. Styret for Fagskolen i Hordaland meiner at det må vere ein føresetnad at ordninga med studentombod vert følgt opp med statleg finansiering.